

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 15.08.2017

Vår ref.: 201701267-7

Arkiv: 312 / 101

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Ellen Lian Halten

22959918/elha@nve.no

O.A. Devolds Sønner AS – Søknad om nedlegging av dam Sætrevatn i Sula kommune, Møre og Romsdal - Høyring

NVE har motteke ein søknad frå O. A. Devolds Sønner AS, datert 3.7.2017, om løyve til nedlegging av dam Sætrevatn i Sula kommune.

Dam Sætrevatn er ein murdam med oppstraums betongtetting, truleg bygd på midten av 1950-talet. Dammen tilfredsstiller ikkje dagens krav til sikkerheit og har fått krav om rehabilitering. Magasinet blir ikkje lengre brukt til aktiv regulering, det er liten økonomisk gevinst i å behalde dammen, og dameigar ønsker difor å leggje ned dammen.

Det er planlagt å fjerne heile dammen, men kanalen mellom Sætrevatnet og dammen blir som han er i dag. Vasstanden i Sætrevatnet ligg i dag stort sett rundt 20 moh, med normale variasjonar innanfor 19,5 moh og 21,5 moh. Ved fjerning av dammen vil vasstanden i Sætrevatnet bli noko lågare enn 20 moh, men ikkje lågare enn 19,5 moh. Det vil ikkje lengre vere mogleg å aktivt bruke magasinet/Sætrevatnet til flaumdemping.

Søknaden skal behandlast etter reglane i kap. 3 og 7 i vassressurslova (vrl) og gjeld løyve etter vassressurslova §§ 8 og 41. Søknaden skal også vurderast etter forskrift om konsekvensutgreiing.

Dersom ein eigar ønsker å legge ned vassdragsanlegg skal han få løyve til dette, jf. vrl § 41. Føremålet med ei konsesjonsbehandling er å stille vilkår til korleis nedlegginga skal skje. For å redusere ulemper for allmenne interesser kan NVE for eksempel stille krav om avbøtande tiltak.

Alternativet til ei nedlegging er at ein ny eigar overtek anlegget jf. vrl § 42. Viss nokon ønsker å ta over vassdragsanlegget, ber vi om at NVE kontaktast så snart som mogleg, senast innan **3.10.2017**. Ny eigar vil bli ansvarleg for at dammen oppfyller krava i damsikkerheitsforskrifta. Dammen må rehabiliterast for å tilfredsstille krav i damsikkerheitsforskrifta til dammar i konsekvensklasse 3.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81

7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18

8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B

6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Tafjord kraftproduksjon AS v/Ragnhild Hoel på tlf. 482 86 099 eller e-post: rho@tafjord.no.

Vi ber Sula kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentlig ettersyn på servicetorget på rådhuset til Sula kommune fram til **3.10.2017**. Det eine eksemplaret kan, om nødvendig, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagt informasjonsark som forklarar saksbehandlinga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at uttalar vert sendt oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som råd og seinast innan **3.10.2017**. I tillegg kan ein sende uttalar per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Uttalen eller delar av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Om uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Ellen Lian Halten
rådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Mottakerliste:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal
Norges Jeger og Fiskerforbund, Møre og Romsdal
Sula kommune
Sunnmøre Friluftsråd
Ålesund-Sunnmøre Turistforening

Kopi til:

O.A. Devolds Sønner AS v/Benthe Langeland
TAFJORD KRAFTPRODUKSJON AS v/Ragnhild Hoel